



Ingvar Fanebust
Fonnebostvegen 156
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2203 - 18/17044

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

29.05.2018

Tilbakeføring av tilkomstveg på gbnr 106/7, 9, 11 og 164

Vi syner til sak vedkomande etablert tilkomstveg på overnemde eigedomar.

Saksutgreiing:

Vi ser saka fram til avslag i Plan- og miljøutvalet som tilstrekkeleg opplyst no, og gjev eit samandrag av nyleg utvikling.

Administrasjonen var på synfaring på staden 03.05.2018. Det kom fram av synfaring at det var usemje om ein ynskja gruslagt gangsti over tomtane eller om massane skulle fjernast i sin heilskap. Slik vi forstår saka var dette uavklart for ei av grunneigarane.

Det er no sendt inn skriftleg tilbakemelding på dette punktet.

Det er i denne saka sendt inn skyldskifte som gjev ei *privat rett* til å etablere ei «køyrbar veg med bredde 2,5 meter».

Når det gjeld etablering av tilkomstveg vil desse ofte gå over fleire grunneigarar si grunn, slik at dette også må sikrast privatrettsleg. Samstundes er tilkomstveg søknadspliktig etter plan- og bygningslova. I denne saka ligg vegen innafor LNF-området i kommuneplanen og innafor strandsona. Det ligg strenge restriksjonar særskilt for tiltak innafor strandsona, og søknaden vart difor sendt til Fylkesmannen i Hordaland for uttale. Avslaget vart gjort etter ei samla vurdering frå både regional og kommunal mynde.

Tilbakeføring:

Kommunen har den 28.05.2018 motteke følgjande tilbakemelding i frå grunneigar Harald Johannes Hansen:

*«Eg ønsker å tilbakeføra vegen til ein gangveg med bredde på 1,2 m
Og at all overskytande masser fjernast frå min eigedom.»*

Konklusjon:

Samtlege av partane har no uttalt seg i saka, og rammene for tilbakeføring er no satt.

Vegen skal tilbakeførast som ei gangveg med maks bredde på 1,2 meter. Overskuddsmassar utover dette må difor fjernast.

Når det gjeld bruk av fylkesveg og/eller deler av den Trondheimske postveg for fjerning av massar, må De gå i dialog med Statens Vegvesen da dette ligg utafor kommunens forvaltningsområde.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Frist for tilbakeføring:

Det vert sett ei frist til **01.10.2018** for tilbakeføring. Dette grunngjevast med at det er trong for avklaring i frå anna mynde her Statens Vegvesen, og omfang av massar.

Når arbeid er ferdig utført skal dette meldast tilbake til kommunen. Vi gjer merksam på at det kan vert aktuelt med synfaring før saka vert avslutta.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harald Johannes Hansen	Fonnebostvegen 128 A	5955	LINDÅS
------------------------	-------------------------	------	--------

Mottakarar:

Ingvar Fanebust	Fonnebostvegen 156	5955	LINDÅS
Ronny Vågen Natås	Holmåsvegen 7	5955	LINDÅS